

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkestinget</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - Fylkeshuset</b>
<b>Møtedato</b>	<b>08.- 09.12.2015</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00</b>

År 2015 den 8. desember kl. 10.00 kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på fylkeshuset, Leikanger.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 26. november 2015. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjent.

Representantane Bjørn Erik Hollevik og Senea Sabanovic hadde meldt forfall til delar av første dag av tingseta. I deira stad møtte Ole Gunnar Krakhellen og Marie-Helene Hollevik Brandsdal. Fylkestinget godkjende forfalla til Hollevik og Sabanovic.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

### **SEENTERPARTIET:**

Jenny Følling  
Sigurd Erlend Reksnes  
Aleksander Øren Heen  
Karen Marie Hjelmeseater  
Gunn Åmdal Mongstad  
Anders Ryssdal  
Arnstein Menes  
Ole Johnny Stubhaug  
Gunn Karin Sande  
Erlend Haugen Herstad

### **ARBEIDERPARTIET:**

Åshild Kjelsnes  
Hilmar Høl  
Helen Hjertaas  
Torbjørn Vereide  
Harald Bjarte Reite  
Karianne Torvanger  
Henrik Oppen  
Odd Atle Stegegjerdet  
Marie-Helene Hollevik Brandsdal

### **HØGRE:**

Noralv Distad  
Sonja Merethe Øvre-Flo  
Anne Kristin Lilleaasen  
Ole Gunnar Krakhellen

### **FRAMSTEGSPARTIET:**

Marita Gunn Aarvik  
Rita Navarsete

### **VENSTRE:**

Gunhild Alis Berge Stang  
Alfred Bjørlo

**KRISTELEG FOLKEPARTI:**

Trude Brosvik  
Jon Olav Kvamme

**SOSIALISTISK VENSTREPARTI:**

Jakob Andre Sandal

**MILJØPARTIET DE GRØNNE:**

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføreren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføreren valde fylkestinget Svein Hågård til sekretær og Marit Silje Husabø som referent.

Representantane Noralv Distad og Gunn Åmdal Mongstad vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføreren opplyste at sakene var sendt ut slik:  
Sak 47/15 – 70/15                      Sendt ut 1. desember 2015

Saklista vart godkjent.

Ordførar i Leikanger kommune, Jon Håkon Odd, helsa fylkestinget.

Gründerprisen for ungdom 2015 vart delt ut til SGN Skis AS.

Fylkeskulturprisen 2015 vart delt ut til Hilde Bjørkum.

Fylkesordføreren heldt ein tale til fylkestinget. Det vart avvikla debatt etter fylkesordføreren sin tale.

Representanten Bjørn Erik Hollevik deltok ved handsaming av sakene 54/15 – 70/15.  
Representanten Senea Sabanovic deltok ved handsaming av sakene 57/15 – 70/15.

Representanten Gunhild Berge Stang hadde forfall 09.12 og deltok ikkje ved handsaming av sakene 59/15 til 71/15. Marianne Øren tok hennar plass i tingseta.

Representanten Aleksander Øren Heen hadde forfall 09.12 og deltok ikkje ved handsaming av sakene 59/15 til 71/15. Det møtte ikkje varamedlem for Heen.

Representantane Stein Faleide Malkenes, Marita Aarvik og Rita Navarsete røysta mot at sak 71/15, «Nei til kommersialisering av rutene på Florø lufthamn», skulle settast opp som ny sak på saklista.

## **SAK 47/15      Revisjon av reglementa for fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala m.m.**

### **Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Reglementet for fylkestinget vert vedteke i samsvar med vedlegg 1.
2. Reglementet for sakshandsaming i politiske utval vert vedteke i samsvar med vedlegg 2.
3. Reglementet for fylkesutvalet vert vedteke i samsvar med vedlegg 3, med slik endring i § 1:  
Minst éin medlem av kvart hovudutval skal vere medlem av fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ein mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå fylkesutvalet i dei ulike utvala.
4. Reglementet for hovudutvalet for næring og kultur vert vedteke i samsvar med vedlegg 4, med slik endring i §1:  
Minst éin medlem skal vere medlem av fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ein mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå fylkesutvalet i dei ulike utvala.
5. Reglementet for hovudutvalet for samferdsle vert vedteke i samsvar med vedlegg 5, med slik endring i §1:  
Minst éin medlem skal vere medlem av fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ein mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå fylkesutvalet i dei ulike utvala.
6. Reglementet for hovudutvalet for opplæring vert vedteke i samsvar med vedlegg 6, med slik endring i §1:  
Minst éin medlem skal vere medlem av fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ein mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå fylkesutvalet i dei ulike utvala.
7. Reglementet for folkevalde sin innsynsrett vert vedteke i samsvar med vedlegg 7.

### **Endringsframlegg:**

**Høgre og Venstre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

§ 5 bokstav m) i Reglement for Fylkestinget og § 13 i Reglement for sakshandsaming i politiske utval vert utforma som følgjer:

#### Ugildskap - fritak

For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap II og kommunelova § 40, nr 3. Ein medlem som er ugild i ei konkret sak, forlet plassen sin. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande også forlate møterommet.

**Miljøpartiet Dei Grøne, Sosialistisk Venstreparti og Venstre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

#### Reglementet for hovudutvalet for samferdsle:

#### § 2 Arbeidsområde

Hovudarbeidsområdet til utvalet er å planlegge og gjennomføre ein heilskapleg transportpolitikk for fylket, inkludert trafikktryggleik.

#### **Avrøysting:**

Framlegget frå Høgre og Venstre fekk 20 røyster og vart dermed vedteke.

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne, Sosialistisk Venstreparti og Venstre fekk 6 røyster og framlegget fall.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, med vedteken endring som vist ovanfor, vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgende VEDTAK:**

1. Reglementet for fylkestinget vert vedteke i samsvar med vedlegg 1, med slik endring i § 5 bokstav m): Ugildskap – fritak For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap II og kommunelova § 40, nr 3. Ein medlem som er ugild i ei konkret sak, forlet plassen sin. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande også forlate møterommet.
2. Reglementet for sakshandsaming i politiske utval vert vedteke i samsvar med vedlegg 2, med slik endring i § 13: Ugildskap - fritak For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap II og kommunelova § 40, nr 3. Ein medlem som er ugild i ei konkret sak, forlet plassen sin. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande også forlate møterommet
3. Reglementet for fylkesutvalet vert vedteke i samsvar med vedlegg 3, med slik endring i § 1:  
Minst éin medlem av kvart hovudutval skal vere medlem av fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ein mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå fylkesutvalet i dei ulike utvala.
4. Reglementet for hovudutvalet for næring og kultur vert vedteke i samsvar med vedlegg 4, med slik endring i §1:  
Minst éin medlem skal vere medlem av fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ein mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå fylkesutvalet i dei ulike utvala.
5. Reglementet for hovudutvalet for samferdsle vert vedteke i samsvar med vedlegg 5, med slik endring i §1:  
Minst éin medlem skal vere medlem av fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ein mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå fylkesutvalet i dei ulike utvala.
6. Reglementet for hovudutvalet for opplæring vert vedteke i samsvar med vedlegg 6, med slik endring i §1:  
Minst éin medlem skal vere medlem av fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ein mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå fylkesutvalet i dei ulike utvala.
7. Reglementet for folkevalde sin innsynsrett vert vedteke i samsvar med vedlegg 7.

-----  
**SAK 48/15      Reglement for kontrollutvalet**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget vedtek reglement for kontrollutvalet slik det ligg føre.
- 

**SAK 49/15      Petroleumsrådet - Endring av reglement og val for valperioden 2015 - 2019**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Reglementet for petroleumsrådet vert endra slik:

Under § 2- Val og samansetnad, vert det gjort følgjande endringar i reglementet:

- a. «Fylkesvaraordføraren» kjem inn som nytt andre kulepunkt
- b. Eksisterande tredje kulepunkt vert endra til «To ordførarar frå kommunar med særleg interesse i sektoren»
- c. Eksisterande fjerde kulepunkt vert endra til «Inntil to fagpersonar som har god kunnskap om næringa

2. Følgjande vert valde som medlemmer i petroleumsrådet:

Jenny Følling (Sp)  
Åshild Kjelsnes (Ap)  
Anne Lilleaasen (frå hovudutvalet for næring og kultur)  
Ola Teigen (ordførar i Flora)  
Halvard Oppedal (ordførar i Gulen)

Som nestleiar i Petroleumsrådet vert vald: Ola Teigen

### **Endringsframlegg:**

**Venstre** sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Fylkestinget ber om at det i løpet av 2016 vert lagt fram ei sak om omgjerung av Petroleumsrådet til eit Energiråd, med mandat om å arbeide for å styrke industriell utnytting av energiresursane i Sogn og Fjordane med hovudvekt på fornybare energiresursar. I ei slik sak om omgjerung frå Petroleumsråd til Energiråd skal også samansetjinga av utvalet vurderast på nytt.

**Fylkestinget** sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Fylkestinget ber om at arbeidet som er i gang med å få etablert energiforum / energiråd; med mandat om å arbeide for å styrke industriell utnytting av energiresursane i Sogn og Fjordane med hovudvekt på fornybare energiresursar; vert lagt fram som sak.

### **Avrøysting:**

Framlegget frå Venstre fekk 4 røyster og framlegget fall.

Framlegget frå fylkestinget og tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Reglementet for petroleumsrådet vert endra slik:

Under § 2- Val og samansetnad, vert det gjort følgjande endringar i reglementet:

- a. «Fylkesvaraordføraren» kjem inn som nytt andre kulepunkt
- b. Eksisterande tredje kulepunkt vert endra til «To ordførarar frå kommunar med særleg interesse i sektoren»
- c. Eksisterande fjerde kulepunkt vert endra til «Inntil to fagpersonar som har god kunnskap om næringa

2. Følgjande vert valde som medlemmer i petroleumsrådet:

Jenny Følling (Sp)  
Åshild Kjelsnes (Ap)  
Anne Lilleaasen (Frå hovudutvalet for næring og kultur)  
Ola Teigen (ordførar i Flora)  
Halvard Oppedal (ordførar i Gulen)

Som nestleiar i Petroleumsrådet vert vald: Ola Teigen

3. Fylkestinget ber om at arbeidet som er i gang med å få etablert energiforum/energiråd, med mandat om å arbeide for å styrke industriell utnyttning av energiressursane i Sogn og Fjordane med hovudvekt på fornybare energiressursar, vert lagt fram som sak.

-----

**SAK 50/15 Val av representantar til Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Trivselshagen IKS for valperioden 2015–2019**

**VEDTAK:**

SOGN OG FJORDANE REVISJON IKS:

Representant: Fylkesordføraren  
Vararepresentant: Fylkesvaraordføraren

TRIVSELSHAGEN IKS:

Representant: Ole Johnny Stubhaug  
Vararepresentant: Helen Hjertaas

Representant: Anders Sægrov  
Vararepresentant: Rita Navarsete

-----

**SAK 51/15 Utbetring av FV 57 Dale - Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar**

**VEDTAK:**

1. Gaular og Fjaler kommune får løyve til å forskottere ytterlegare 1,5 mill. kr til planarbeid på fv. 57.
  2. Refusjon av forskotteringsmidlane skjer ved oppstart av første delprosjekt på strekninga med inntil 1,5 mill. kr i høve til faktisk forbruk ekskl. mva. og utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån.
  3. Dersom prosjekt ikkje er starta opp innan 2025, vil forskotteringa ikkje bli tilbakebetalt.
  4. Kostnadene med refusjon på inntil 1,5 mill. kr skal dekkjast innanfor ramma til fylkesveg.
  5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtale med kommunane.
- 

**SAK 52/15 Sikring av fv. 633 ved Kleiva**

**VEDTAK:**

1. Fv. 633 Kleiva vert prioritert før fv. 722 Flovegen i prioriteringslista for rassikring.
2. Midlar til prosjektering og planarbeid på fv. 633 Kleiva vert dekt av løyvinga til ufordelte mindre skredsikringstiltak i 2016.
3. Planlegginga på Fv 722 Flovegen går vidare som planlagt.

-----

**SAK 53/15      Fv. 92 Framfjorden - skredsikring langs veggen eller sidearm til Vikafjellstunnelen**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at skredsikring av fv. 92 til Framfjorden og bygging av Vikafjellstunnelen bør løysast som to separate prosjekt. Fylkestinget går difor ikkje inn for bygging av sidearm til Vikafjellsvegen som skredsikring av veggen til Framfjorden.
2. Endeleg løysing for rassikring av fv. 92 langs Arnafjorden må vurderast i samband med revisjon av Regional transportplan.

-----

**SAK 54/15      Plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Ved rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet blir nivå C i vedlegg 1 «Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnelsikkerheitsforskrifta, samt faglege tilrådingar», lagt til grunn.
2. Det vert lagt til grunn ei ramme for tunnelvedlikehald i perioden 2016-2024 på 1,4 mrd. kr.
3. Fv. 613 Blaksetunnelen skal prioriterast i investeringsprogrammet i perioden 2018-2021.
4. Fv. 303 Seimsdaltunnelen skal prioriterast i investeringsprogrammet i perioden 2021-2024.
5. Framdrift i rehabiliteringa er avhengig av løyving i budsjettet kvart år.
6. Prioriteringslista i vedlegg 1 skal vere førande for rekkjefølgja for gjennomføring av tunnelrehabiliteringa.
7. Tunnelar som er omfatta av krava i tunnelsikkerheitsforskrifta skal vera ferdig utbetra før 2025
8. Ved eventuelle overskridingar eller endra rammeføresetnader skal innsparingar knytt til rehabiliteringa for tunnelane i funksjonsklasse C og D vurderast.

**Endringsframlegg:**

**Høgre, Senterpartiet, Venstre og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 3 til erstatning for punkt 3 og 4 i tilrådinga frå fylkesutvalet:

3. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ynskjer å prioritere fv. 613 Blaksetunnelen og fv. 303 Seimsdaltunnelen i investeringsprogrammet i perioden 2018-2021. Framdrift for prosjekta vert fastlagt ved rullering av regional transportplan.

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til pkt. 3 og 4 i vedtaket:

3. Fv. 303 Seimsdaltunnelen skal prioriterast i investeringsprogrammet i perioden 2018-2021.
4. Fv. 613 Blaksetunnelen skal prioriterast i investeringsprogrammet i perioden 2021-2024.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Arbeidarpartiet fekk 9 røyster og framlegget fall.  
Framlegget frå Høgre, Senterpartiet, Venstre og Framstegspartiet fekk 22 røyster og vart dermed vedteke.  
Punkta 1,2 og 5 til 8 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Ved rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet blir nivå C i vedlegg 1 «Tiltak som må gjennomførast for å stette krava i tunnelsikkerheitsforskrifta, samt faglege tilrådingar», lagt til grunn.
2. Det vert lagt til grunn ei ramme for tunnelvedlikehald i perioden 2016-2024 på 1,4 mrd. kr.
3. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ynskjer å prioritere fv. 613 Blaksettunnelen og fv. 303 Seimsdaltunnelen i investeringsprogrammet i perioden 2018-2021. Framdrift for prosjekta vert fastlagt ved rullering av regional transportplan.
4. Framdrift i rehabiliteringa er avhengig av løyving i budsjettet kvart år.
5. Prioriteringslista i vedlegg 1 skal vere førande for rekkjefølgja for gjennomføring av tunnelrehabiliteringa.
6. Tunnelar som er omfatta av krava i tunnelsikkerheitsforskrifta skal vera ferdig utbetra før 2025
7. Ved eventuelle overskridingar eller endra rammeføresetnader skal innsparingar knytt til rehabiliteringa for tunnelane i funksjonsklasse C og D vurderast.

**SAK 55/15 Forlenging av planperiode, og rullering av handlingsprogram for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019.**

**VEDTAK:**

1. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-17 vert forlenga t.o.m. 2019.
2. Handlingsprogram for aktivitetsskapande tiltak 2016-19 vert vedteke som i vedlegg 1.
3. Handlingsprogram for anlegg 2016-2019 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 2.
4. Langtidsprogram for anlegg etter 2019 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 3.

**SAK 56/15 Bestilling til Regionalt forskingsfond Vestlandet 2016 - 2019**

**Frå hovudutval for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek bestillinga til Regionalt forskingsfond Vestlandet 2016-2019.
2. Fylkestinget føreset at fylkeskommunane nyttar høvet til å koma med supplerande føringar i samband med årsrapporteringane, slik at fondsstyret får dei definerte målsetjingane frå fylka å arbeida med, som retningslinjene tilseier.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber styret i regionalt forskingsfond Vestlandet om å legge inn følgjande prioriterte forskningstema i sitt arbeid:

Teknologiutvikling basert på digitale forretningsmodellar tilpassa den eksponensielle naturen i internettøkonomien (eksempel: Spotify, Uber, Tesla Motors forretningsmodell for bil/software-oppraderinger, 3D).

---

**Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Tillegg punkt 1: Fylkestinget vil i tillegg at styret til RFF Vest opnar for å gi støtte til søknadstypane «regionale forskingsprosjekt» og «regionale institusjonsprosjekt», slik det er opna for nasjonalt.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti fekk 2 røyster og framlegget fall.  
Tilrådinga frå hovudutvalet for næring og kultur vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget vedtek bestillinga til Regionalt forskingsfond Vestlandet 2016-2019.
2. Fylkestinget føreset at fylkeskommunane nyttar høvet til å koma med supplerande føringar i samband med årsrapporteringane, slik at fondsstyret får dei definerte målsetjingane frå fylka å arbeida med, som retningslinjene tilseier.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber styret i regionalt forskingsfond Vestlandet om å legge inn følgjande prioriterte forskingstema i sitt arbeid:

Teknologiutvikling basert på digitale forretningsmodellar tilpassa den eksponensielle naturen i internettøkonomien (eksempel: Spotify, Uber, Tesla Motors forretningsmodell for bil/software-oppraderinger, 3D).

---

**SAK 57/15      Tusenårsstaden Gulatinget - ny strategi og avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune.**

**Frå hovudutval for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Ny strategi for utvikling av Gulatinget 2016-2020, jf. vedlegg 1, vert godkjent.
  2. Ny avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune om utvikling, vedlikehald, drift og formidling av tusenårsstaden Gulatinget, jf. vedlegg 2, vert godkjent.
- 

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:  
Tillegg i avtala mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune, punkt 9 Økonomi, etter første setning: Partnarane forpliktar seg til å søke statleg støtte til vidare utvikling og drift av Gulatinget.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti fekk 22 røyster og vert dermed vedteken.

Tilrådinga frå hovudutvalet for næring og kultur, med vedteken endring som vist ovanfor, vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Ny strategi for utvikling av Gulatinget 2016-2020, jf. vedlegg 1, vert godkjent.
2. Ny avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune om utvikling, vedlikehald, drift og formidling av tusenårsstaden Gulatinget, jf. vedlegg 2, vert godkjent, med slikt tillegg i punkt 9 etter første setning: Partnerane forpliktar seg til å søke statleg støtte til vidare utvikling og drift av Gulatinget

**SAK 58/15 Rullering av handlingsprogram for klima og miljø 2016-2017**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram for klima og miljø 2016 – 2017.
2. Rapportering på tiltaka og rullering av handlingsprogrammet vert gjort i 2017.
3. Tiltak frå handlingsprogrammet skal vurderast i arbeidet med andre regionale planar.
4. Tiltak frå handlingsprogrammet som krev ekstra løyvingar må ev. vurderast i budsjettprosessane.
5. Fylkesrådmann får mandat til å organisere oppfølging av vedteke handlingsprogram

**Endringsframlegg:**

**Venstre, Miljøpartiet Dei Grøne og Sosialistisk Venstreparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Nytt endra punkt 3: Tiltak frå handlingsprogrammet skal innarbeidast i andre regionale planar.

Nytt vedtakspunkt 6: Fylkestinget syner til innskjerpa krav til miljøvekting i offentlege anbod på minimum 30 pst. og at stortinget varslar mål om **lav-og** nullutsleppsteknologi på alle nye ferjer, drosjer og rutebåtar. Fylkestinget ber om ei eiga rullering om desse punkta i handlingsdelen i klima- og miljøplanen i 2017.

Tilføyning til punktet: Legge til rette for aktørar som ynskjer å byggje nullutsleppshus *og lafta hus*.  
Tilføyning i kursiv

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Tillegg til punkt 1 i fylkesutvalet si tilråding:

1. Fylkeskommunen skal stille klimakrav til bedrifter vi eig i, handlar med eller investerer i. Bedrifter vi eig i skal rapportere på klima- og miljøverknader i eigarmeldinga. Fylkesutvalet får i oppgåve å avgjere korleis dette skal konkretiserast.
2. Fylkestinget skal ha ein temadag om klimapolitikk.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Venstre, Miljøpartiet Dei Grøne og Sosialistisk Venstreparti vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, med vedtekne endringar, vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram for klima og miljø 2016 – 2017 med slike tillegg:
  - A. Fylkeskommunen skal stille klimakrav til bedrifter vi eig i, handlar med eller investerer i. Bedrifter vi eig i skal rapportere på klima- og miljøverknader i eigarmeldinga. Fylkesutvalet får i oppgåve å avgjere korleis dette skal konkretiserast.
  - B. Fylkestinget skal ha ein temadag om klimapolitikk.
2. Rapportering på tiltaka og rullering av handlingsprogrammet vert gjort i 2017.
3. Tiltak frå handlingsprogrammet skal innarbeidast i andre regionale planar.
4. Tiltak frå handlingsprogrammet som krev ekstra løyvingar må ev. vurderast i budsjettprosessane.
5. Fylkesrådmannen får mandat til å organisere oppfylging av vedteke handlingsprogram.
6. Fylkestinget syner til innskjerpa krav til miljøvekting i offentlege anbod på minimum 30 pst. og at Stortinget varslar mål om lav-og nullutsleppsteknologi på alle nye ferjer, drosjer og rutebåtar. Fylkestinget ber om ei eiga rullering om desse punkta i handlingsdelen i klima- og miljøplanen i 2017.

Tilføyning til punktet: Legge til rette for aktørar som ynskjer å byggje nullutsleppshus og lafta hus

**SAK 59/15      Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for vassforvaltning 2016 – 2021 for Sogn og Fjordane vassområde slik den ligg føre, med tilhøyrande *Handlingsprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2018* og *Regionalt tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016 – 2021*.
2. Fylkestinget føreset at staten legg vassforvaltingsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvaltning.
3. Fylkestinget føreset at statlege styresmakter gir ei samordna framstilling av prioriteringar og ambisjonsnivå for statlege sektorar/departement ved oppfølging av planen
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere ressursbehov for oppfølging av planen ved handsaming av årlege budsjett.
5. Fylkesutvalet legg til grunn at dei konkrete miljømåla som er nedfelt for svært modifiserte vassforekomstar (SMVF) i fyrste planperiode er i samsvar med det som er dagens tilstand i dei aktuelle vassforekomstane, eller at dei kan oppnåast med dei tiltak som regulantane og andre no allereie har sett i verk.
6. I høve nasjonale laksevassdrag med høg risiko for flom og skred som krev tiltak for å betre samfunnstryggleiken, må det opnast for endringar i noverande miljømål etter grundige risiko og nytte-/kostnadsutgreiingar.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 5:  
Fylkestinget legg til grunn at det i fyrste planperiode ikkje er framlegg om nye avbøtande tiltak i regulerte vassdrag som medfører reduksjon i kraftproduksjonen.

**Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Punkt 5 i tilrådinga frå fylkesutvalet går ut.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne fekk 4 røyster og framlegget fall.

Framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet fekk 26 røyster og vart dermed vedteke.

Punkta 1 til 4 og 6 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for vassforvaltning 2016 – 2021 for Sogn og Fjordane vassområde slik den ligg føre, med tilhøyrande *Handlingsprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2018* og *Regionalt tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016 – 2021*.
2. Fylkestinget føreset at staten legg vassforvaltingsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvaltning.
3. Fylkestinget føreset at statlege styresmakter gir ei samordna framstilling av prioriteringar og ambisjonsnivå for statlege sektorar/departement ved oppfølging av planen
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere ressursbehov for oppfølging av planen ved handsaming av årlege budsjett.
5. Fylkesutvalet I Fylkestinget legg til grunn at det i fyrste planperiode ikkje er framlegg om nye avbøtande tiltak i regulerte vassdrag som medfører reduksjon i kraftproduksjonen.
6. I høve nasjonale laksevassdrag med høg risiko for flom og skred som krev tiltak for å betre samfunnstryggleiken, må det opnast for endringar i noverande miljømål etter grundige risiko og nytte-/kostnadsutgreiingar.

-----  
**SAK 60/15      Regional plan for vassregion Hordaland**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021 for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram Vassregion Hordaland 2016-2021 for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane
3. Fylkestinget vedtek Tiltaksprogram Vassregion Hordaland 2016-2021 for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at dei konkrete miljømåla som er nedfelt for svært modifiserte vassforekomstar (SMVF) i fyrste planperiode er i samsvar med det som er dagens tilstand i dei aktuelle vassforekomstane, eller at dei kan oppnåast med dei tiltak som regulantane og andre no allereie har sett i verk.
5. I høve nasjonale laksevassdrag med høg risiko for flom og skred som krev tiltak for å betre samfunnstryggleiken, må det opnast for endringar i noverande miljømål etter grundige risiko og nytte-/kostnadsutgreiingar.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 4:

Fylkestinget legg til grunn at det i fyrste planperiode ikkje er framlegg om nye avbøtande tiltak i regulerte vassdrag som medfører reduksjon i kraftproduksjonen.

**Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Punkt 4 i tilrådinga frå fylkesutvalet går ut.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne fekk 4 røyster og framlegget fall.

Framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet fekk 26 røyster og vart dermed vedteke.

Punkta 1 til 3 og 5 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021 for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram Vassregion Hordaland 2016-2021 for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane
3. Fylkestinget vedtek Tiltaksprogram Vassregion Hordaland 2016-2021 for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
4. Fylkestinget legg til grunn at det i fyrste planperiode ikkje er framlegg om nye avbøtande tiltak i regulerte vassdrag som medfører reduksjon i kraftproduksjonen.
5. I høve nasjonale laksevassdrag med høg risiko for flom og skred som krev tiltak for å betre samfunnstryggleiken, må det opnast for endringar i noverande miljømål etter grundige risiko og nytte/kostnadsutgreingar.

-----

**SAK 61/15      Regional plan for vassforvaltning for vassregion  
Glomma**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek *Regional plan for vannforvaltning i vannregion Glomma 2016-2021* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram for *vannregion Glomma 2016* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
3. Fylkestinget vedtek *Vannregion Glomma - Regionalt tiltaksprogram 2016-2021* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at dei konkrete miljømåla som er nedfelt for svært modifiserte vassforekomstar (SMVF) i fyrste planperiode er i samsvar med det som er dagens tilstand i dei aktuelle vassforekomstane, eller at dei kan oppnåast med dei tiltak som regulantane og andre no allereie har sett i verk.
5. I høve nasjonale laksevassdrag med høg risiko for flom og skred som krev tiltak for å betre samfunnstryggleiken, må det opnast for endringar i noverande miljømål etter grundige risiko og nytte/kostnadsutgreingar.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 4:

Fylkestinget legg til grunn at det i fyrste planperiode ikkje er framlegg om nye avbøtande tiltak i regulerte vassdrag som medfører reduksjon i kraftproduksjonen.

**Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:  
Punkt 4 i tilrådinga frå fylkesutvalet går ut.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne fekk 4 røyster og framlegget fall.  
Framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet fekk 26 røyster og vart dermed vedteke.  
Punkta 1 til 3 og 5 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget vedtek *Regional plan for vannforvaltning i vannregion Glomma 2016-2021* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram for *vannregion Glomma 2016* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
3. Fylkestinget vedtek *Vannregion Glomma - Regionalt tiltaksprogram 2016-2021* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
4. Fylkestinget legg til grunn at det i fyrste planperiode ikkje er framlegg om nye avbøtande tiltak i regulerte vassdrag som medfører reduksjon i kraftproduksjonen.
5. I høve nasjonale laksevassdrag med høg risiko for flom og skred som krev tiltak for å betre samfunnstryggleiken, må det opnast for endringar i noverande miljømål etter grundige risiko og nytte/kostnadsutgreiingar.

-----

**SAK 62/15      Regional plan for vassregion Møre og Romsdal**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek *Regional plan for vassforvaltning i vassregion Møre og Romsdal 2016-2021* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram for *vassregion Møre og Romsdal 2016* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane
3. Fylkestinget vedtek *Tiltaksprogram vassregion Møre og Romsdal 2016-2021* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at dei konkrete miljømåla som er nedfelt for svært modifiserte vassforekomstar (SMVF) i fyrste planperiode er i samsvar med det som er dagens tilstand i dei aktuelle vassforekomstane, eller at dei kan oppnåast med dei tiltak som regulantane og andre no allereie har sett i verk.
5. I høve nasjonale laksevassdrag med høg risiko for flom og skred som krev tiltak for å betre samfunnstryggleiken, må det opnast for endringar i noverande miljømål etter grundige risiko og nytte/kostnadsutgreiingar.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 4:  
Fylkestinget legg til grunn at det i fyrste planperiode ikkje er framlegg om nye avbøtande tiltak i regulerte vassdrag som medfører reduksjon i kraftproduksjonen.

**Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:  
Punkt 4 i tilrådinga frå fylkesutvalet går ut.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne fekk 4 røyster og framlegget fall.

Framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet fekk 26 røyster og vart dermed vedteke.

Punkta 1 til 3 og 5 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget vedtek *Regional plan for vassforvaltning i vassregion Møre og Romsdal 2016-2021* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget vedtek *Handlingsprogram for vassregion Møre og Romsdal 2016* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane
3. Fylkestinget vedtek *Tiltaksprogram vassregion Møre og Romsdal 2016-2021* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
4. Fylkestinget legg til grunn at det i fyrste planperiode ikkje er framlegg om nye avbøtande tiltak i regulerte vassdrag som medfører reduksjon i kraftproduksjonen.
5. I høve nasjonale laksevassdrag med høg risiko for flom og skred som krev tiltak for å betre samfunnstryggleiken, må det opnast for endringar i noverande miljømål etter grundige risiko og nytte/kostnadsutgreiingar.

-----

**SAK 63/15      Regional plan for vassforvaltning i Vassregion Vest-Viken 2016 -2021**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek *Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget vedtek *Handlingsprogram for vannregion Vest-Viken 2016* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane
3. Fylkestinget vedtek *Regionalt tiltaksprogram for vannregion Vest-Viken 2016-2021* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at dei konkrete miljømåla som er nedfelt for svært modifiserte vassforekomstar (SMVF) i fyrste planperiode er i samsvar med det som er dagens tilstand i dei aktuelle vassforekomstane, eller at dei kan oppnåast med dei tiltak som regulantane og andre no allereie har sett i verk.
5. I høve nasjonale laksevassdrag med høg risiko for flom og skred som krev tiltak for å betre samfunnstryggleiken, må det opnast for endringar i noverande miljømål etter grundige risiko og nytte/kostnadsutgreiingar.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 4:

Fylkestinget legg til grunn at det i fyrste planperiode ikkje er framlegg om nye avbøtande tiltak i regulerte vassdrag som medfører reduksjon i kraftproduksjonen.

**Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Punkt 4 i tilrådinga frå fylkesutvalet går ut.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne fekk 4 røyster og framlegget fall.  
Framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet fekk 26 røyster og vart dermed vedteke.  
Punkta 1 til 3 og 5 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget vedtek *Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget vedtek *Handlingsprogram for vannregion Vest-Viken 2016* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane
3. Fylkestinget vedtek *Regionalt tiltaksprogram for vannregion Vest-Viken 2016-2021* for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
4. Fylkestinget legg til grunn at det i fyrste planperiode ikkje er framlegg om nye avbøtande tiltak i regulerte vassdrag som medfører reduksjon i kraftproduksjonen.
5. I høve nasjonale laksevassdrag med høg risiko for flom og skred som krev tiltak for å betre samfunnstryggleiken, må det opnast for endringar i noverande miljømål etter grundige risiko og nytte/kostnadsutgreiingar.

-----

**SAK 64/15      Oppgåvedeling i Sogn og Fjordane**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane tek rapporten «Oppgåvedeling i Sogn og Fjordane» til vitande, og sluttar seg til følgjande synspunkt og framlegg:

Fylkestinget legg til grunn at generalistkommuneprinsippet står fast for det vidare arbeidet knytt til oppgåvefordelinga i ein modernisert kommune- og regionstruktur.

1. Kommunane bør gjennom kommunereforma kunne få tilført følgjande på ansvars- og oppgåvesida:

Oppgåve	Minimum kommunestorleik			
	50000	15-20 000	10 000	< 5000
Den ålmenne tannhelsetenesta	X			
Rehabilitering		X		
Hjelpemidlar		X		
Bustadar				X
NAV - arbeidsretta tiltak				X
Barnevern tillagt BUF-etat	X			
Familievern		X		
Frivilligsentralar				X
Kultur				X
Natur-, miljø- og ressursforvaltning		X <sup>i</sup>		

Oppgåve	Minimum kommunestorleik			
	50000	15-20 000	10 000	< 5000
Konsesjonar for småkraftverk				X
Lokal næringsutvikling		X		
Mindre fylkesveggar				X

- Den ålmenne tannhelsetenesta krev eit innbyggargrunnlag på min. 50 000 for å kunne ivareta eit fagmiljø med kompletterande kompetanse. Innbyggargrunnlaget for spesialiserte tannhelsetenester og ansvarsforholda knytt til dei fem regionale odontologiske kompetansesentra må vurderast nærare.
- Eit større kommunalt ansvar for rehabiliteringstilbodet vil kunne gje eit meir heilskapleg ansvar overfor brukarane, og bør greiast nærare ut. Oppgåva krev eit innbyggartal på min. 15-20 000.
- Det er uklart kva for deler av hjelpemiddeltjenestene som skal overførast til kommunane. Kravet til innbyggargrunnlag må vurderast i lys av oppgåvene som vert føreslegne.
- Bustadområdet kan ivareta kast av noverande kommunar. Det bør ikkje vere ein premiss at oppgåvene vert lovfesta ytterlegare, då kommunane set i verk tiltak etter brukarane sine behov.
- Kommunane bør overta ansvaret for varig tilrettelagt arbeid i skjerma verksemder med arbeidsoppgåver tilpassa den enkelte si yteevne (VTA) og tiltak som vert gjevne gjennom enkeltplassar i ordinære verksemder (VTO). Dette kan gjerast utan endringar i kommunestrukturen.
- NAV sitt ansvar for personar som har overgang til den vanlege arbeidsmarknaden bør overførast til kommunane for å sikre eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.
- Større kommunar bør overta ansvaret for sentrale deler av barnevernstenesta knytt til hjelpetiltak i heimen og fosterheimstilbodet. Dette vil krevje kommunar i storleiken opp mot 50 000 innbyggjarar.
- Familievernstenesta er nært knytt til kommunane sitt ansvar innan sosial, barnevern og andre omsorgstenester. Kommunar med ein storleik på 15-20 000 innbyggjarar bør overta desse oppgåvene.
- Frivilligsentralane og tilskota til desse bør overførast til kommunane. Dette kan gjerast utan endringar i kommunestrukturen. Oppgåvene bør finansierast gjennom rammetilskotet til kommunane.
- Kommunane bør få overført ansvaret for å forvalte tilskotsordningar til kulturarrangement, festivalar m.m. av lokal karakter. Noverande institusjonar og festivalar bør vurderast m.o.t krav til innbyggargrunnlag og nedslagsfelt i høve overføring til kommunalt eller regionalt folkevalt nivå.
- Oppgåver knytt til utmarksforvaltninga kan overførast kommunar i storleiken min. 15-20 000 innbyggjarar. Kommunar med eit lågare innbyggartal kan overta oppgåvene, t.d. ved samanfall mellom utmarks- og verneområdeforvaltninga, eller om verneutfordringane er særleg store.
- Kommunane kan overta ansvaret for å tildele konsesjonar til småkraftverk under 1 MW. Saksbehandlinga bør sjåast i samanheng med ansvarsområde som arealforvaltning, miljøpolitikk og næringsutvikling. Noverande kommunar kan ivareta denne oppgåva.
- Kommunar med min. 15 000-20 000 innbyggjarar vil kunne leggje til rette for lokalt næringsliv og avgjere søknader om mindre økonomiske tilskot til lokale bedrifter og etablerarar.
- Kommunane bør overta eigarskapen til aktuelle noverande fylkeskommunale veggar uavhengig av innbyggargrunnlag.

2. Det regionale folkevalde nivå bør gjennom regionreforma kunne få tilført følgjande på ansvars- og oppgåvesida:

Oppgåve	Regionstorleik	
	Større regionar tilnærma landsdelane	Fylkeskommunane
Statens vegvesen (regionvegkontor)	X	
Kultur		X
Den regionale miljøvernforvaltninga <sup>ii</sup>		X

Oppgåve	Regionstorleik	
	Større regionar tilnærma landsdelane	Fylkeskommunane
Den regionale landbruksforvaltninga <sup>iii</sup>		X
Naturressursforvaltning		X
Forsking		X
Prosjekt og prosjektskjønsmidlar		X
Statleg barnevern (BUF-etat)		X
Integrering, mangfald og busetjing		X

- a) Fylkesavdelingane i Statens vegvesen sine regionvegkontor kan overførast til noverande fylkeskommunar. Dersom regionale folkevalde regionar blir vesentleg større, bør også fagadministrasjonane i vegregionane overførast til det regionale folkevalde nivået.
- b) Musea, Opera Nordfjord, Sogn og Fjordane teater og ulike tilskotsordningar til arrangement og institusjonar er døme på oppgåver der fylkeskommunen bør få eit heilskapleg ansvar.
- c) Kommunar på 15-20 000 innbyggjarar bør få overført oppgåver innan utmarks- og miljøforvaltninga. Fleire oppgåver til kommunesektoren vil medverke til å integrere og tilpasse miljøvernet i høve all anna regional og lokal utvikling, samferdsle, kulturminne, planlegging og arealforvaltning.
- d) Fylkeskommunen kan overta oppgåver knytt til landbruk og bygdeutvikling som i dag ligg til Fylkesmannen, med unnatak av kontroll-, tilsyns- og klagesaker. Kommunar med 15-20 000 innbyggjarar kan få eit større ansvar for nærings- og bygdeutvikling.
- e) Folkevalde regionar bør ivareta ansvaret for forvaltning av mineralske ressursar og tildele konsesjonar til vind- og vasskraftverk mellom 1-10 MW. Det regionale nivået bør samarbeide med kommunane for å ivareta kystsoneplanlegginga.
- f) Det regionale folkevalde nivået bør få større innverknad i nasjonale forskingsprogram, t.d. knytt til korleis VRI-programmet (verkemidlar for regional innovasjon og FoU) kan førast vidare frå 2017.
- g) Forvaltninga av prosjektskjønsmidlar og andre prosjektmidlar bør overførast til regionalt folkevalt nivå, som bør ha ansvaret for å tilpasse tildelingane i tråd med lokale behov, regionale forhold og i samsvar med nasjonale føringar. Midlane bør fordelast ut frå nasjonale vurderingar, tilsvarande overføringa av KMD-midlar til fylkeskommunane retta mot regional utvikling.
- h) Regionalt folkevalt nivå bør overta oppgåver som ikkje kan leggjast til kommunane, slik situasjonen var før 2004. Overføring av ansvar som i dag ligg til BUF-etat må medføre at stillingsressursar og fagkompetanse følgjer med til nivået som overtek oppgåvene.
- i) Det vert arbeidd for oppretting av eit nasjonalt kompetansesenter for busetjing og integrering i Sogn og Fjordane. Flora kommune har alt i dag etablert dette som eige satsingsområde, og bør vere ein aktuell lokaliseringsstad for ein slik nasjonal funksjon. Det er i tillegg relevant å vurdere om regionalt folkevalt nivå bør få eit tydeleg ansvar for integrering, mangfald og busetjing, og slik ivareta løpande rettleiing, dialog og sektorovergripande arbeid overfor kommunane. Dette bør sjåast nærare på gjennom ei offentleg utgreiing om korleis eit regionalt folkevalt nivå kan overta oppgåver som IMDi har i dag.

### 3. Fylkestinget sluttar seg til faggruppa sine tilrådingar i høve utviklingsmulegheiter for etablering av nye offentlege arbeidsplassar i Sogn og Fjordane:

- a) Både på politisk og administrativ side i fylket er det framover høg bevisstheit i høve konkrete vekst- og utviklingsinitiativ frå statlege fag- og kompetansemiljø.
- b) Det bør opprettast eit «Nasjonalt kompetansesenter for busetnad og integrering» i Sogn og Fjordane.
- c) Vi bør i Sogn og Fjordane arbeide for at Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) utvidar sin strategiske regionale kunnskap i tillegg til den kompetansen Fylkesmannen og DSB representerer i dag.
- d) Det bør arbeidast for ei utbygging og styrking av fengselet i Vik.

- e) Fleire funksjonar som i dag ligg til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sentralt bør flyttast til NVE sitt regionkontor i Førde.
- f) Leiinga ved statlege regionale etatar og verksemder bør primært fokusere på faglege kvalifikasjonar og eigne kompetansefortrinn når dei skal sannsynleggjere etablering av nye oppgåver, tenester og funksjonar i fylket.
- g) I tillegg bør vi særleg i politisk arbeid for utflytting og etablering av statlege arbeidsplassar halde fram reelle argument som syner fylket sine mange fortrinn.
- h) For å imøtekomme etterspurde kvalitetar som større fagmiljø og faglege utviklingsmulegheiter, er det eit viktig verkemiddel at offentlege verksemder etablerer operative og effektive fagnettverk.
- i) Det vert arbeidd for å etablere eit regionalt samarbeidsforum på tvers av forvaltningsnivåa knytt til rekruttering og etablering av attraktive fagmiljø.
- j) Dersom den nasjonale evalueringa av fylkesmannsembetet kjem fram til at embeta bør slåast saman i ein ny regional struktur, bør Fylkesmannen i Sogn og Fjordane få i oppgåve å leie den nye regionale tilsyns-, klage-, kontroll- og beredskapseining for Vestlandsfylka.
- k) Det er varsla utflytting av (funksjonar i) Norsk kulturråd. Fylket bør posisjonere seg for at desse vert lagde til Førde.

### Endringsframlegg:

**Høgre, Venstre og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:  
Fylkestinget legg rapporten «oppgåvedeling i Sogn og Fjordane» bort.

**Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:  
Fylkestinget tek rapporten «oppgåvedeling i Sogn og Fjordane» til vitande. Fylkestinget sluttar seg til punkt 2 og 3 i innstillinga med unntak av bokstav c og d i punkt 2.

### Avrøysting:

Framlegget frå Høgre, Venstre og Framstegspartiet fekk 9 røyster og framlegget fall.  
Framlegget frå Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.  
Tilrådinga frå fylkesutvalet, med vedteken endring som vist ovanfor, vart samrøystes vedteken.

### Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane tek rapporten «Oppgåvedeling i Sogn og Fjordane» til vitande.  
Fylkestinget sluttar seg til punkt 2 og 3 i innstillinga:

Fylkestinget legg til grunn at generalistkommuneprinsippet står fast for det vidare arbeidet knytt til oppgåvefordelinga i ein modernisert kommune- og regionstruktur.

1. Kommunane bør gjennom kommunereforma kunne få tilført følgjande på ansvars- og oppgavesida:

Oppgåve	Minimum kommunestorleik			
	50000	15-20 000	10 000	< 5000
Den ålmenne tannhelsetenesta	X			
Rehabilitering		X		
Hjelpemidlar		X		
Bustadar				X
NAV - arbeidsretta tiltak				X
Barnevern tillagt BUF-etat	X			
Familievern		X		

Oppgåve	Minimum kommunestorleik			
	50000	15-20 000	10 000	< 5000
Frivilligsentralar				X
Kultur				X
Natur-, miljø- og ressursforvaltning		X <sup>iv</sup>		
Konsesjonar for småkraftverk				X
Lokal næringsutvikling		X		
Mindre fylkesvegar				X

- a) Den ålmenne tannhelsetenesta krev eit innbyggargrunnlag på min. 50 000 for å kunne ivareta eit fagmiljø med kompletterande kompetanse. Innbyggargrunnlaget for spesialiserte tannhelsetenester og ansvarsforholda knytt til dei fem regionale odontologiske kompetansesentra må vurderast nærare.
- b) Eit større kommunalt ansvar for rehabiliteringstilbodet vil kunne gje eit meir heilskapleg ansvar overfor brukarane, og bør greiast nærare ut. Oppgåva krev eit innbyggartal på min. 15-20 000.
- c) Det er uklart kva for deler av hjelpemiddeltenestene som skal overførast til kommunane. Kravet til innbyggargrunnlag må vurderast i lys av oppgåvene som vert føreslegne.
- d) Bustadområdet kan ivaretaast av noverande kommunar. Det bør ikkje vere ein premis at oppgåvene vert lovfesta ytterlegare, då kommunane set i verk tiltak etter brukarane sine behov.
- e) Kommunane bør overta ansvaret for varig tilrettelagt arbeid i skjerna verksemdar med arbeidsoppgåver tilpassa den enkelte si ytteevne (VTA) og tiltak som vert gjevne gjennom enkeltplassar i ordinære verksemdar (VTO). Dette kan gjerast utan endringar i kommunestrukturen.
- f) NAV sitt ansvar for personar som har overgang til den vanlege arbeidsmarknaden bør overførast til kommunane for å sikre eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.
- g) Større kommunar bør overta ansvaret for sentrale deler av barnevernstenesta knytt til hjelpetiltak i heimen og fosterheimstilbodet. Dette vil krevje kommunar i storleiken opp mot 50 000 innbyggjarar.
- h) Familievernstenesta er nært knytt til kommunane sitt ansvar innan sosial, barnevern og andre omsorgstenester. Kommunar med ein storleik på 15-20 000 innbyggjarar bør overta desse oppgåvene.
- i) Frivilligsentralane og tilskota til desse bør overførast til kommunane. Dette kan gjerast utan endringar i kommunestrukturen. Oppgåvene bør finansierast gjennom rammetilskotet til kommunane.
- j) Kommunane bør få overført ansvaret for å forvalte tilskotsordningar til kulturarrangement, festivalar m.m. av lokal karakter. Noverande institusjonar og festivalar bør vurderast m.o.t krav til innbyggargrunnlag og nedslagsfelt i høve overføring til kommunalt eller regionalt folkevalt nivå.
- k) Oppgåver knytt til utmarksforvaltninga kan overførast kommunar i storleiken min. 15-20 000 innbyggjarar. Kommunar med eit lågare innbyggartal kan overta oppgåvene, t.d. ved samanfall mellom utmarks- og verneområdeforvaltninga, eller om verneutfordringane er særleg store.
- l) Kommunane kan overta ansvaret for å tildele konsesjonar til småkraftverk under 1 MW. Saksbehandlinga bør sjåast i samanheng med ansvarsområde som arealforvaltning, miljøpolitikk og næringsutvikling. Noverande kommunar kan ivareta denne oppgåva.
- m) Kommunar med min. 15 000-20 000 innbyggjarar vil kunne leggje til rette for lokalt næringsliv og avgjere søknader om mindre økonomiske tilskot til lokale bedrifter og etablerarar.
- n) Kommunane bør overta eigarskapen til aktuelle noverande fylkeskommunale vegar uavhengig av innbyggargrunnlag.

2. Det regionale folkevalde nivå bør gjennom regionreforma kunne få tilført følgjande på ansvars- og oppgåvesida:

Oppgåve	Regionstorleik	
	Større regionar tilnærma landsdelane	Fylkeskommunane

Oppgåve	Regionstorleik	
	Større regionar tilnærma landsdelane	Fylkeskommunane
Statens vegvesen (regionvegkontor)	X	
Kultur		X
Den regionale miljøvernforvaltninga <sup>v</sup>		X
Den regionale landbruksforvaltninga <sup>vi</sup>		X
Naturressursforvaltning		X
Forsking		X
Prosjekt og prosjektskjønsmidlar		X
Statleg barnevern (BUF-etat)		X
Integrering, mangfald og busetjing		X

- a) Fylkesavdelingane i Statens vegvesen sine regionvegkontor kan overførast til noverande fylkeskommunar. Dersom regionale folkevalde regionar blir vesentleg større, bør også fagadministrasjonane i vegregionane overførast til det regionale folkevalde nivået.
- b) Musea, Opera Nordfjord, Sogn og Fjordane teater og ulike tilskotsordningar til arrangement og institusjonar er døme på oppgåver der fylkeskommunen bør få eit heilskapleg ansvar.
- e) Forvaltninga av prosjektskjønsmidlar og andre prosjektmidlar bør overførast til regionalt folkevalt nivå, som bør ha ansvaret for å tilpasse tildelingane i tråd med lokale behov, regionale forhold og i samsvar med nasjonale føringar. Midlane bør fordelast ut frå nasjonale vurderingar, tilsvarande overføringa av KMD-midlar til fylkeskommunane retta mot regional utvikling.
- f) Regionalt folkevalt nivå bør overta oppgåver som ikkje kan leggjast til kommunane, slik situasjonen var før 2004. Overføring av ansvar som i dag ligg til BUF-etat må medføre at stillingsressursar og fagkompetanse følgjer med til nivået som overtek oppgåvene.
- g) Det vert arbeidd for oppretting av eit nasjonalt kompetansesenter for busetjing og integrering i Sogn og Fjordane. Flora kommune har alt i dag har etablert dette som eige satsingsområde, og bør vere ein aktuell lokaliseringsstad for ein slik nasjonal funksjon. Det er i tillegg relevant å vurdere om regionalt folkevalt nivå bør få eit tydeleg ansvar for integrering, mangfald og busetjing, og slik ivareta løpande rettleiing, dialog og sektorovergripande arbeid overfor kommunane. Dette bør sjåast nærare på gjennom ei offentleg utgreiing om korleis eit regionalt folkevalt nivå kan overta oppgåver som IMDi har i dag.

### 3. Fylkestinget sluttar seg til faggruppa sine tilrådingar i høve utviklingsmulegheiter for etablering av nye offentlege arbeidsplassar i Sogn og Fjordane:

- a) Både på politisk og administrativ side i fylket er det framover høg bevisstheit i høve konkrete vekst- og utviklingsinitiativ frå statlege fag- og kompetansemiljø.
- b) Det bør opprettast eit «Nasjonalt kompetansesenter for busetnad og integrering» i Sogn og Fjordane.
- c) Vi bør i Sogn og Fjordane arbeide for at Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) utvidar sin strategiske regionale kunnskap i tillegg til den kompetansen Fylkesmannen og DSB representerer i dag.
- d) Det bør arbeidast for ei utbygging og styrking av fengselet i Vik.
- e) Fleire funksjonar som i dag ligg til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sentralt bør flyttast til NVE sitt regionkontor i Førde.
- f) Leiinga ved statlege regionale etatar og verksemder bør primært fokusere på faglege kvalifikasjonar og eigne kompetansefortrinn når dei skal sannsynleggjere etablering av nye oppgåver, tenester og funksjonar i fylket.

- g) I tillegg bør vi særleg i politisk arbeid for utflytting og etablering av statlege arbeidsplassar halde fram reelle argument som syner fylket sine mange fortrinn.
- h) For å imøtekome etterspurde kvalitetar som større fagmiljø og faglege utviklingsmulegheiter, er det eit viktig verkemiddel at offentlege verksemdar etablerer operative og effektive fagnettverk.
- i) Det vert arbeidd for å etablere eit regionalt samarbeidsforum på tvers av forvaltningsnivåa knytt til rekruttering og etablering av attraktive fagmiljø.
- j) Dersom den nasjonale evalueringa av fylkesmannsembetet kjem fram til at embeta bør slåast saman i ein ny regional struktur, bør Fylkesmannen i Sogn og Fjordane få i oppgåve å leie den nye regionale tilsyns-, klage-, kontroll- og beredskapseining for Vestland fylka.
- k) Det er varsla utflytting av (funksjonar i) Norsk kulturråd. Fylket bør posisjonere seg for at desse vert lagde til Førde.

---

## **SAK 65/15      Regionreforma**

### **Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ønskjer at dei fire vestland fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal greier ut ein handlekraftig, folkevald landsdelsregion på Vestlandet.
2. Eit slikt arbeid bør vere ferdigstilt så tidleg i 2016 at eventuelle vedtak om fylkessamanslåingar vert gjorde i fylkestinga seinast hausten 2016.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune set som vilkår for å vere med på ei landsdelsløyving at Stortinget gjennomfører ei regionreform der det regionale folkevalde nivået får eit tungt ansvar for oppgåver som er både utviklingsorienterte og innretta mot tenesteyting overfor eit stort tal innbyggjarar.
4. Fylkestinget meiner alternativet til ein landsdelsregion på Vestlandet er at dagens fylkeskommunar får ein styrkt regionalpolitisk posisjon som samfunnsutviklar og tenesteleverandør.
5. Dersom ein folkevald landsdelsregion på Vestlandet ikkje kan realiserast, går fylkestinget inn for at vi gjennom kommune- og regionreforma vidareutviklar, styrkar og effektiviserer Sogn og Fjordane fylkeskommune innanfor dagens norske forvaltningsmodell.

### **Avrøysting:**

Punkta 1 til 3 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne. Punkta 4 og 5 vart vedtekne mot 8 røyster.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ønskjer at dei fire vestland fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal greier ut ein handlekraftig, folkevald landsdelsregion på Vestlandet.
2. Eit slikt arbeid bør vere ferdigstilt så tidleg i 2016 at eventuelle vedtak om fylkessamanslåingar vert gjorde i fylkestinga seinast hausten 2016.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune set som vilkår for å vere med på ei landsdelsløyving at Stortinget gjennomfører ei regionreform der det regionale folkevalde nivået får eit tungt ansvar for oppgåver som er både utviklingsorienterte og innretta mot tenesteyting overfor eit stort tal innbyggjarar.
4. Fylkestinget meiner alternativet til ein landsdelsregion på Vestlandet er at dagens fylkeskommunar får ein styrkt regionalpolitisk posisjon som samfunnsutviklar og tenesteleverandør.

5. Dersom ein folkevald landsdelsregion på Vestlandet ikkje kan realiserast, går fylkestinget inn for at vi gjennom kommune- og regionreforma vidareutviklar, styrkar og effektiviserer Sogn og Fjordane fylkeskommune innanfor dagens norske forvaltningsmodell.

-----

## **SAK 66/15      Endringar i budsjettet for 2015**

### **VEDTAK:**

#### **A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2015**

1. Rammetilskotet vert auka med 18,160 mill. kr.  
Teneste 7222 Drift og vedlikehald vert auka tilsvarande.
2. Andre statlege tilskot vert redusert med 5 mill. kr.  
Avsetning til bufferfond vert tilsvarande redusert.
3. Tidlegare avsett agiogeinst i 2013 og 2014 vert inntektsført. Midlane vert avsett til disposisjonsfond med føremål å dekke framtidige agiotap.
4. Interne finansieringstransaksjonar – sentralt avsette midlar til pensjon – vert redusert med 6,183 mill. kr.
5. Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 18,077 mill.kr.  
Sektorbudsjetta vert auka med 14,381 mill. kr i samsvar med vedlegg 2.
6. Teneste 4800 Juridisk honorar vert auka med 4,000 mill. kr.
7. Saldering av tilrådde endringar i denne saka på 5,879 mill. kr vert nytta til ekstraordinær nedbetaling av gjeld. Kapitalutgiftene vert auka tilsvarande.
8. Budsjettet for kapitalutgiftene vert etter denne saka fordelt slik:

Renteutgifter	56,200 mill. kr
Avdrag	133,779 mill. kr

#### **B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2015**

1. I finansieringsprogrammet for bygg vert det gjort følgjande endringar:  
Bruk av bufferfond vert redusert med 0,5 mill. kr til 14,400 mill. kr.  
Årets lånebehov vert auka med 0,5 mill. kr til samla 47,700 mill. kr.
- 

## **SAK 67/15      Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017**

### **Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Den samla grupperessursen vert auka med éi gruppe for å gi rom for å lyse ut éin klasse ved vg3 Påbygg i Dale.

Finansiering vert eventuelt å kome tilbake til i samband med justeringa av opplæringstilbodet våren 2016.

**Endringsframlegg:**

**Høgre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Vg2 Transport & Logistikk i Førde vert søkbar for skuleåret 2016-17

**Avrøysting:**

Framlegget frå Høgre fekk 6 røyster og framlegget fall.

Tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Den samla grupperessursen vert auka med éi gruppe for å gi rom for å lyse ut éin klasse ved vg3 Påbygg i Dale.

Finansiering vert eventuelt å kome tilbake til i samband med justeringa av opplæringstilbodet våren 2016.

-----  
**SAK 68/15      Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Dokumentet "Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2016-19.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19".
3. Driftsbudsjettet for 2016 vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B. Dette inneber at 2 173,076 mill. kr til driftsføremål vert fordelt på sektornivå slik i 2016:

	<b>Programområde</b>	<b>Budsjett 2016</b>
<b>400</b>	Politisk styring	41,397
<b>410</b>	Kontroll og revisjon	4,289
<b>420</b>	Administrasjon	77,299
<b>421</b>	Forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga	9,370
<b>430</b>	Administrasjonslokale	6,108
<b>460</b>	Tenester utafor ordinært fylkeskommunalt ansvarsområde	0,675
<b>480</b>	Diverse fellesutgifter	11,403
<b>715</b>	Lokal og regional utvikling	11,863
<b>716</b>	Friluftsliv og miljø	5,756
	<b>Sum forvaltning</b>	<b>168,160</b>
<b>510</b>	Skulelokale og internatbygningar	103,522
<b>515</b>	Fellesutgifter og støttefunksjonar knytt til vidaregåande opplæring	66,495
<b>520</b>	Pedagogisk leining, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevsoppgjer	120,419

<b>521-532</b>	Utdanningsprogramma	331,951
<b>554</b>	Fagskule	24,329
<b>559</b>	Landsliner	4,955
<b>561</b>	Oppfølgingstjenesta og pedagogisk psykologisk teneste	20,385
<b>562</b>	Spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring	70,203
<b>570</b>	Fagopplæring i arbeidslivet	99,533
<b>581</b>	Vaksenopplæring etter opplæringslova	5,706
<b>590</b>	Andre føremål	9,936
	Resultatoverføring opplæring	
	<b>Sum opplæring</b>	<b>857,434</b>
<b>660</b>	Tannhelsetenesta – fellesfunksjonar	18,089
<b>665</b>	Tannhelsetenesta – pasientbehandling	63,557
	Resultatoverføring tannhelse	
	<b>Sum tannhelse</b>	<b>81,646</b>
<b>700</b>	Tilrettelegging og bistand for næringslivet	0
<b>701</b>	Tilrettelegging, støtte-/finansieringsbistand næringslivet	78 803
<b>740</b>	Bibliotek	5,882
<b>750</b>	Kulturminnevern	13,148
<b>760</b>	Musèer	16,654
<b>771</b>	Kunstformidling	9,943
<b>772</b>	Kunstproduksjon	11,490
<b>775</b>	Idrett	3,293
<b>790</b>	Andre kulturaktivitetar	11,010
	<b>SUM NÆRING og KULTUR</b>	<b>150,223</b>
<b>722</b>	Fylkesveggar, miljø- og trafikksikringstiltak	465,447
<b>730</b>	Bilruter	264,029
<b>731</b>	Fylkesvegferjer	115,963
<b>732</b>	Båtruter	107,875
<b>733</b>	Transport (ordningar) for funksjonshemma	10,299
	<b>Sum samferdsle</b>	<b>963,613</b>
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-48,000
	<b>Til fordeling drift - frå skjema 1A</b>	<b>2 173,076</b>

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordeling av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å godkjenne mandatet og kome med framlegg til prinsipielle føringar for utgreiinga *innsparingspotensiale i tilbodsstruktur (#59)*.

Ambisjonsnivået på måleindikator R 5.1 Samsvar mellom tilgang til læreplassar og tal søkjarar til læreplass, vert endra i samsvar med HO sitt vedtak i sak 21/15 Budsjett 2016 – sektorbudsjett for opplæring. Målekart for 2016. Nytt ambisjonsnivå vert då slik: «90% av alle med ungdoms- eller vaksenrett som søker læreplass som første ønske får tilbod.»

Hovudutval for næring og kultur får fullmakt til å godkjenne ny avtale med destinasjonsselskapa for åra 2016 og 2017, innanfor ei årleg ramme på 2,7 mill. kr og ny

fleirårig avtale med Fjord Norge, innanfor ei årleg ramme på 3 mill. kr. Avtalane skal utarbeidast innanfor rammene til programområde 701 tilrettelegging for næringslivet.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å organisere karriererettleiingstenesta i samarbeid med partnerskapen innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnerskapen.

I høve sluttsaldering av kostnader knytt til brannen i Skatestraumtunnelen får fylkesrådmannen fullmakt til å saldere avrekning av tildelt skjønstilskot frå KMD og eventuell erstatning frå eigar av vogntoget si ansvarsforsikring mot skadefondet for fylkesvegnettet.

Auka tapskompensasjon vert førebels avsett til det etablerte omstillingsfondet. Dei økonomiske konsekvensane av FT-vedtak i sak 46/15 – Eigarpolisjonen i Fjord1 AS, vert innarbeidd når prosessen kring salet av aksjane er nærare avklara.

4. Kapitalbudsjettet for 2016 vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2016:

	<b>Budsjett 2016</b>
Investeringar i anleggsmidlar	607,071
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>609,071</b>
Finansiert slik:	
Bruk av lånemidlar	311,000
Tilskot til investeringar	145,300
Kompensasjon for merverdiavgift	102,106
Møttekne avdrag på utlån og refusjonar	7,900
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>566,306</b>
Overført frå driftsbudsjettet	18,145
Bruk av avsettingar	24,620
<b>Sum finansiering</b>	<b>609,071</b>

<b>Sektorfordeling</b>	
Forvaltning og fellesutgifter	11,400
Opplæring	198,871
Tannhelse	4,000
Samferdsle	391,400
Kultur	3,400
<b>Sum fordelt - frå 2A</b>	<b>609,071</b>

5. Økonomiplan 2017-19 vert vedteken i samsvar med tabellverket i vedlegg 1. Økonomiplanen sine rammer for 2017-19 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

Disponering av auka handlingsrom som følgje av auka tapskompensasjon og sal av aksjar vert vurdert som ein del av økonomiplanprosessen 2016. I dette arbeidet skal det gjerast ei ny vurdering av vedtekne innsparingstiltak/innsparingskrav for åra 2017-19.

#### **Endringsframlegg:**

**Høgre, Venstre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd kr. 800 000 som investeringstilskot til Måløyraidsenteret. Drifta må løysast innanfor dei statlege driftsmidlane det er gitt lovnad om.

Budsjettdekning: bufferfondet

**Høgre, Venstre, Framstegspartiet og Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak: Ramma til opplæring blir auka med 3 mill. kr i 2016.

For 2017 – 2019 skal auke i ramma til opplæring vurderast med basis i behovet for å sikra kvalitet og breidde i utdanningstilbodet. Hovudutval for opplæring får fullmakt til å fordela midlane.

Budsjettdekning: tapskompensasjon

**Avrøysting:**

Framlegget frå Høgre, Venstre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti fekk 12 røyster og framlegget fall.

Framlegget frå Høgre, Venstre, Framstegspartiet og Arbeidarpartiet og tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Dokumentet "Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2016-19.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19".
3. Driftsbudsjettet for 2016 vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B. Dette inneber at 2 176,076 mill. kr til driftsføremål vert fordelt på sektornivå slik i 2016:

	<b>Programområde</b>	<b>Budsjett 2016</b>
<b>400</b>	Politisk styring	41,397
<b>410</b>	Kontroll og revisjon	4,289
<b>420</b>	Administrasjon	77,299
<b>421</b>	Forvaltningsutgifter i eigeomsforvaltninga	9,370
<b>430</b>	Administrasjonslokale	6,108
<b>460</b>	Tenester utafor ordinært fylkeskommunalt ansvarsområde	0,675
<b>480</b>	Diverse fellesutgifter	11,403
<b>715</b>	Lokal og regional utvikling	11,863
<b>716</b>	Friluftsliv og miljø	5,756
	<b>Sum forvaltning</b>	<b>168,160</b>
<b>510</b>	Skulelokale og internatbygningar	103,522
<b>515</b>	Fellesutgifter og støttefunksjonar knytt til vidaregåande opplæring	66,495
<b>520</b>	Pedagogisk leining, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevsoppgjer	120,419
<b>521-532</b>	Utdanningsprogramma	334,951
<b>554</b>	Fagskule	24,329
<b>559</b>	Landsliner	4,955
<b>561</b>	Oppfølgingstjenesta og pedagogisk psykologisk teneste	20,385
<b>562</b>	Spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring	70,203
<b>570</b>	Fagopplæring i arbeidslivet	99,533
<b>581</b>	Vaksenopplæring etter opplæringslova	5,706
<b>590</b>	Andre føremål	9,936
	Resultatoverføring opplæring	
	<b>Sum opplæring</b>	<b>860,434</b>

<b>660</b>	Tannhelsetenesta – fellesfunksjonar	18,089
<b>665</b>	Tannhelsetenesta – pasientbehandling	63,557
	Resultatoverføring tannhelse	
	<b>Sum tannhelse</b>	<b>81,646</b>
<b>700</b>	Tilrettelegging og bistand for næringslivet	0
<b>701</b>	Tilrettelegging, støtte-/finansieringsbistand næringslivet	78 803
<b>740</b>	Bibliotek	5,882
<b>750</b>	Kulturminnevern	13,148
<b>760</b>	Musèer	16,654
<b>771</b>	Kunstformidling	9,943
<b>772</b>	Kunstproduksjon	11,490
<b>775</b>	Idrett	3,293
<b>790</b>	Andre kulturaktivitetar	11,010
	<b>SUM NÆRING og KULTUR</b>	<b>150,223</b>
<b>722</b>	Fylkesveggar, miljø- og trafikksikringstiltak	465,447
<b>730</b>	Bilruter	264,029
<b>731</b>	Fylkesvegferjer	115,963
<b>732</b>	Båtruter	107,875
<b>733</b>	Transport (ordningar) for funksjonshemma	10,299
	<b>Sum samferdsle</b>	<b>963,613</b>
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-48,000
	<b>Til fordeling drift - frå skjema 1A</b>	<b>2 176,076</b>

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordeling av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

Auken på 3 mill. kr på opplæring si ramme er førebels lagt på programområde 521-532, Utdanningsprogramma. Hovudutval for opplæring får fullmakt til å fordele desse midlane.

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å godkjenne mandatet og kome med framlegg til prinsipielle føringar for utgreiinga *innsparringspotensiale i tilbodsstruktur (#59)*.

Ambisjonsnivået på måleindikator R 5.1 Samsvar mellom tilgang til læreplassar og tal søkjarar til læreplass, vert endra i samsvar med HO sitt vedtak i sak 21/15 Budsjett 2016 – sektorbudsjett for opplæring. Målekart for 2016. Nytt ambisjonsnivå vert då slik: «90% av alle med ungdoms- eller vaksenrett som søker læreplass som første ønske får tilbod.»

Hovudutval for næring og kultur får fullmakt til å godkjenne ny avtale med destinasjonsselskapa for åra 2016 og 2017, innanfor ei årleg ramme på 2,7 mill. kr og ny fleirårig avtale med Fjord Norge, innanfor ei årleg ramme på 3 mill. kr. Avtalane skal utarbeidast innanfor rammene til programområde 701 tilrettelegging for næringslivet.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å organisere karriererettleiingstenesta i samarbeid med partnarskapen innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnarskapen.

I høve sluttsaldering av kostnader knytt til brannen i Skatestraumtunnelen får fylkesrådmannen fullmakt til å saldere avrekning av tildelt skjønstilskot frå KMD og eventuell erstatning frå eigar av vogntoget si ansvarsforsikring mot skadefondet for fylkesvegnettet.

Den auka tapskompensasjon, med unntak av 3 mill. kr. tilført opplæringssektoren i 2016, vert avsett til det etablerte omstillingsfondet. Dei økonomiske konsekvensane av FT-vedtak i sak 46/15 – Eigarpolisjonen i Fjord1 AS, vert innarbeidd når prosessen kring salet av aksjane er nærare avklara.

For 2017 – 2019 skal auke i ramma til opplæring vurderast med basis i behovet for å sikra kvalitet og breidde i utdanningstilbodet.

4. Kapitalbudsjettet for 2016 vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2016:

	<b>Budsjett 2016</b>
Investeringar i anleggsmidlar	607,071
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>609,071</b>
Finansiert slik:	
Bruk av lånemidlar	311,000
Tilskot til investeringar	145,300
Kompensasjon for merverdiavgift	102,106
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	7,900
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>566,306</b>
Overført frå driftsbudsjettet	18,145
Bruk av avsettingar	24,620
<b>Sum finansiering</b>	<b>609,071</b>

<b>Sektorfordeling</b>	
Forvaltning og fellesutgifter	11,400
Opplæring	198,871
Tannhelse	4,000
Samferdsle	391,400
Kultur	3,400
<b>Sum fordelt - frå 2A</b>	<b>609,071</b>

5. Økonomiplan 2017-19 vert vedteken i samsvar med tabellverket i vedlegg 1. Økonomiplanen sine rammer for 2017-19 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

Disponering av auka handlingsrom som følgje av auka tapskompensasjon og sal av aksjar vert vurdert som ein del av økonomiplanprosessen 2016. I dette arbeidet skal det gjerast ei ny vurdering av vedtekne innsparingstiltak/innsparingskrav for åra 2017-19.

-----

## **SAK 69/15 Endring i lokal inntaks- og formidlingsforskrift**

### **VEDTAK:**

1. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift vert vedteken slik den går fram av vedlegg 1.
2. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift gjeld frå 09.12.2015, og skal nyttast frå og med inntaket og formidlinga for skuleåret 2016-17

3. Fylkesrådmannen har mynde til å gje utfyllande retningsliner til lokal inntaks- og formidlingsforskrift
4. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift har forskriftsstatus og skal kunngjerast i Norsk Lovtidend snarast etter vedtaket i fylkestinget.

---

**SAK 70/15      Godkjenning av møteboka for fylkestinget sitt møte  
23.11.15**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkestinget godkjenner møteboka slik ho ligg føre.

**Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

I avsnittet som omhandlar orientering ved fylkeskommunen sine rådgjevarar vert siste setning endra til å ha følgjande ordlyd:

«Representantane måtte notere spørsmål undervegs i presentasjonen og fekk høve til å stille spørsmål til rådgjevarane etter at presentasjonen var ferdig.»

**Avrøysting:**

Framlegget frå Arbeidarpartiet fekk 17 røyster.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med vedteken endring vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkestinget godkjenner møteboka med slik endring:

I avsnittet som omhandlar orientering ved fylkeskommunen sine rådgjevarar vert siste setning endra til å ha følgjande ordlyd:

«Representantane måtte notere spørsmål undervegs i presentasjonen og fekk høve til å stille spørsmål til rådgjevarane etter at presentasjonen var ferdig.»

---

**SAK 71/15      Nei til kommersialisering av rutene på Florø lufthamn**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fråsegn frå fylkestinget i Sogn og Fjordane

**Nei til kommersialisering av rutene på Florø lufthamn**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane viser til sin høyringsuttale i samband med innspel til ny konsesjonsrunde for FOT ruter i Sør-Norge frå 1. april 2016. I fråsegna kom fylkestinget i Sogn og Fjordane med ei klår åtvaring mot kommersialisering av rutene på Florø lufthamn. I etterkant konstaterer Fylkestinget at Samferdsledepartementet har vedteke at rutetilbodet på Florø Lufthamn skal vere kommersielt frå 1. april 2016.

Etter at Samferdsledepartementet gjorde sitt vedtak om kommersialisering er heilt vesentlege føresetnader for departementet sitt vedtak falle vekk.

Ein vesentleg føresetnad for departementet sitt vedtak var ein forventa auke i trafikken over lufthamna. Det motsette har skjedd. Aktiviteten innan petroleumssektoren har gått betydeleg ned. Dette råkar Vestlandet spesielt og Flora regionen er mellom dei områda som er hardest råka. Passasjertala for Florø Lufthamn har gått ned med 13.4% sidan oktober 2014, medan trafikken offshore er redusert med 19.6 %.

Vi registrerer at det er varsla reduksjon i tal flyavgangar frå april 2016, samstundes som det er varsla ein betydeleg auke i billettprisane. Størstedelen av trafikken over Florø lufthamn er næringsretta og Fylkestinget er sterkt uroa over dei skadeverknadane for næringslivet i regionen som eit redusert og uføreseieleg flytilbod til kunne medføre. Fylkestinget vil særleg framheve dei moglege konsekvensane for helikoptertrafikken til Nordsjøen. Denne trafikken utgjør ein betydeleg del av trafikkgrunnet for lufthamna.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane oppmodar derfor på det sterkaste om at ein snarast mogleg gjer om avgjerda om å kommersialisere rutene over Florø lufthamn. Situasjonen har endra seg så dramatisk at ei omgjerding er det einaste som kan sikre næringsliv og privatreisande eit stabilt og føreseieleg rutetilbod dei kommande åra.

#### **Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 28 røyster og vart dermed vedteken.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fråsegn frå fylkestinget i Sogn og Fjordane

#### **Nei til kommersialisering av rutene på Florø lufthamn**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane viser til sin høyringsuttale i samband med innspel til ny konsesjonsrunde for FOT ruter i Sør-Norge frå 1. april 2016. I fråsegna kom fylkestinget i Sogn og Fjordane med ei klår åtvaring mot kommersialisering av rutene på Florø lufthamn. I etterkant konstaterer Fylkestinget at Samferdsledepartementet har vedteke at rutetilbodet på Florø Lufthamn skal vere kommersielt frå 1. april 2016.

Etter at Samferdsledepartementet gjorde sitt vedtak om kommersialisering er heilt vesentlege føresetnader for departementet sitt vedtak felle vekk.

Ein vesentleg føresetnad for departementet sitt vedtak var ein forventa auke i trafikken over lufthamna. Det motsette har skjedd. Aktiviteten innan petroleumssektoren har gått betydeleg ned. Dette råkar Vestlandet spesielt og Flora regionen er mellom dei områda som er hardest råka. Passasjertala for Florø Lufthamn har gått ned med 13.4% sidan oktober 2014, medan trafikken offshore er redusert med 19.6 %.

Vi registrerer at det er varsla reduksjon i tal flyavgangar frå april 2016, samstundes som det er varsla ein betydeleg auke i billettprisane. Størstedelen av trafikken over Florø lufthamn er næringsretta og Fylkestinget er sterkt uroa over dei skadeverknadane for næringslivet i regionen som eit redusert og uføreseieleg flytilbod til kunne medføre. Fylkestinget vil særleg framheve dei moglege konsekvensane for helikoptertrafikken til Nordsjøen. Denne trafikken utgjør ein betydeleg del av trafikkgrunnet for lufthamna.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane oppmodar derfor på det sterkaste om at ein snarast mogleg gjer om avgjerda om å kommersialisere rutene over Florø lufthamn. Situasjonen har endra seg så dramatisk at ei omgjerding er det einaste som kan sikre næringsliv og privatreisande eit stabilt og føreseieleg rutetilbod dei kommande åra.

-----  
Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 8. og 9. desember 2015 på fylkeshuset, Leikanger kommune, var slutt kl. 13.35.